



Arkivnr: 2014/2-4
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		09.01.2014

Revisjon frå Det Norske Veritas ved Bergen maritime

Samandrag

Det Norske Veritas (DNV) har hatt 5 års hovudrevisjon ved Bergen maritime fagskole 22. og 23. oktober 2013. Hordaland fagskulestyre vart orientert i melding 19.11.2013 om førebels status i revisjonen, og endeleg rapport frå DNV kom 11.12.2013. Revisjonen avdekka 6 avvik (sjå vedlegg 1.), og skulen arbeider aktivt for å lukka desse. Tre av avvika peikar på bruk av fylkeskommunen sitt kvalitetssystem som ikkje imøtekjem krava til maritime utdanningsinstitusjonar.

Forslag til vedtak

1. Bergen maritime fagskole må lukka avvika etter hovudrevisjonen frå Det Norske Veritas i høve til vedlagte plan for lukking.
2. Bergen maritime fagskole må nytta eit kvalitetssystem som tilfredstiller krava til maritime utdanningsinstitusjonar.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
e.f.

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Korrektiv aksjonsplan DNV revisjon
- 2 Funksjonsinstruks ledelsens representant

Fylkesrådmannen, 02.01.2014

Det Norske Veritas (DNV) har hatt 5 års hovudrevisjon ved Bergen maritime fagskole 22. og 23. oktober 2013. Hordaland fagskulestyre vart orientert i melding 19.11.2013 om førebels status i revisjonen, og endeleg rapport frå DNV kom 11.12.2013. Revisjonen avdekkar 6 avvik (sjå vedlegg 1), og skulen arbeider aktivt for å lukka desse.

Avvik 1 av 6 omhandlar manglande dokumentasjons- og journalføringssystem. Hordaland fylkeskommune vil etter nyttår ta i bruk eit nytt dokumentsystem, Ephorte. Dette skal etter kvart skulane også ta i bruk, og systemet vil kunne dekke dei krava standarden set til journalføring og liknande.

Avvik 2, 3 og 4 av 6 syner mellom anna til bruk av allereie etablert kvalitetssystem som er tilpassa maritim skuledrift og samtidig bruk av kvalitetssystemet som Hordaland fylkeskommune har etablert (QM+), og som ikkje dekkjer krava til kvalitetssystem for maritim utdanning. Det er viktig å få ei ordning for dei maritime fagskulane slik at det ikkje vert naudsynt å nytta QM+ til intern avviksmelding på skulen. Prosjektleder for kvalitetssystemet i fylkesadministrasjonen har kalla inn til møte 20. januar for å sjå på dei krava som er pålagt dei maritime fagskulane, og ein ser føre seg å finna ei løysing på bruk av system.

Avvik 5 av 6 peikar på manglande funksjonsinstruks for leiinga sin representant. Funksjonsinstruksen har vore tilgjengeleg i skulen sitt kvalitetssystem på nett, men skulen ser at denne må kommuniserast ut til dei tilsette.

Avvik 6 av 6 omhandlar mellom anna manglande dokumentasjon på vernerunde på skulen sitt opplæringsfartøy. Fartøyet er ikkje operativt og ligg til kai, men vert nytta som ein flytande verkstad for den vidaregåande skulen.